



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Valstyret  
**Møtedato:** 23.04.2013  
**Møtetid:** 12:00 - 12:45  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 6, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Marit A. Aase Krf	Ingen

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
Sekretær for valstyret Magda Haugen

<b>Merknader:</b>

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<p>Sekretær for valstyret Magda Haugen orienterte om endringar i ny forskrift om val frå KRD. På grunnlag av det som kom fram i orienteringa om krav til universell utforming, drøfta valstyret om det må gjerast endringar i høve til røystestader i røystekrinsane.</p> <p>Administrasjonen vil arbeida vidare med dette og kjem attende med ei sak der endringar og framlegg til løysingar vert presentert.</p> <p>Administrasjonen vil også arbeida vidare med å finna medlemmer til dei ulike røystestyra og presentera dette for valstyret som tek endeleg avgjerd om dette på neste møte.</p>
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
002/13	13/203	Faste saker	
003/13	12/244	Forslag til endringar i valgforskriften - høyring	
004/13	12/244	Stortings- og sametingsvalet 2013 - førehandsrøysting i Samnanger kommune	

**SAKNR. 002/13**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**23.04.2013 VALSTYRET**

Handsaming i møtet:

**VAL-002/13 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 003/13**

**FORSLAG TIL ENDRINGAR I VALGFORSKRIFTEN - HØYRING**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**23.04.2013 VALSTYRET**

Handsaming i møtet:

Valstyret drøfta saka og samla seg om følgjande uttale.

”Valstyret i Samnanger har ingen merknader til forskrifta slik den ligg føre og sluttar seg til dei endringane som er føreslegne.”

**VAL-003/13 VEDTAK:**

”Valstyret i Samnanger har ingen merknader til forskrifta slik den ligg føre og sluttar seg til dei endringane som er føreslegne.”

**SAKNR. 004/13**

**STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2013 - FØREHANDSRØYSTING I SAMNANGER KOMMUNE**

**23.04.2013 VALSTYRET**

Handsaming i møtet:

Bright Olav Gåsdaal kom med følgjande framlegg til vedtak i saka:

”Endringar i vallova og forskrift til vallova krev nokre endringar i måten å gjennomføra førehandsrøstinga.

I Samnanger vil det vera førehandsrøsting i kommunehuset frå 12. august. Det vert lagt opp til utvida opningstid på kommunehuset for at alle som vil førehandsrøysta, skal få høve til det.

I tillegg vert det førehandsrøsting ein dag på Samnangerheimen.

Valstyret føreset at det vert informert breitt om endringane, særleg om at det ikkje vert førehandsrøsting i Sparebanken Vest på Bjørkheim.”

**VAL-004/13 VEDTAK:**

Endringar i vallova og forskrift til vallova krev nokre endringar i måten å gjennomføra førehandsrøstinga.

I Samnanger vil det vera førehandsrøsting i kommunehuset frå 12. august. Det vert lagt opp til utvida opningstid på kommunehuset for at alle som vil førehandsrøysta, skal få høve til det.

I tillegg vert det førehandsrøsting ein dag på Samnangerheimen.

Valstyret føreset at det vert informert breitt om endringane, særleg om at det ikkje vert førehandsrøsting i Sparebanken Vest på Bjørkheim.